

ÅRSMELDING

STOKKENES GOLFPARK

2011

Styret i Stokkenes Golfpark si årsmelding 2011



Bana med utsikt over hol 1 mot hol 7 i det fjerne

Møtedato 13.01.2012

Styret i 2011

- Leiar: Tøger Lien
 - Nestleiar: Bodil Rasmussen
 - Sekretær: Arild Hjelmeland
 - Kasserar: Joar Sæten
 - Styremedlem: Jan Skogstad
 - Vara: Roar Halkjelsvik
-
- Grunneigar: Svein Fjørtoft
 - Grunneigar: Gitta ter Stege

Styremøte 2011:

Styret har gjennomført 6 styremøte i 2011. Styret har fungert godt og har utført mykje arbeid gjennom året, som gjerne er synleg og mindre synleg. Viser til årsmelding frå dei forskjellige leiarar og komitéar under årsmøte for Nordfjord Golfklubb.

Styret har ordet

Som tidlegare år vert årsmeldinga mykje lik den til Nordfjord Golfklubb.

Vi har framleis auka belastning på dugnadsapparatet, men vi håpar det ikkje har gått utover servicen til våre medlemar i for stor grad. På den andre sida kan vi gle oss over eit relativt godt økonomisk år, med auka sponsorinntekter og utbetaling av første bidrag i høve tippemidlar.

Vi vil få utbetalt resterande tippemidlar i 2012, og sponsormarknaden ser lysare ut. Likevel vil vi vere avhengige av stor dugnadsinnsats på alle nivå i klubben. Erfaringsmessig har det gått bra, og om vi held fram med å dra lasset i lag, er det styret si meining at framtida trass alt ser lys ut.

Stor takk til alle for samarbeidet i året som ligg bak oss!

Styreleiar, Tøger Lien
